

Den utvidede utenrikskomite
Møte den 14. desember 1939 kl. 17.

Som formann fungerte viseformannen, Anderssen -
Rysst.

Det blev foretatt navneoprop som viste at samtlige medlemmer var tilstede med undtagelse av Lykke, som ikke kunde møte. Lykkes personlige varamann, Harald Torp, var innkalt og var tilstede. Formannen oplyste at efter anmodning av stortingspresident Magnus Nilssen hadde de av presidentskapets medlemmer som ikke var medlemmer av komiteen, fått anmodning om å møte og var nu tilstede.

Formannen: Utenriksminister Koht vil gi en redegjørelse.

Statsråd Koht: Sidan utanriksnemnda har vorte sitjande her i byen, vil eg gjerne få gjeva ei utgreiing her um korleis det har gått frametter dei siste dagane med dei spursmåla som vart dryfte her i møtet um laurdagen. Den laurdagen citerte eg den instruksen som var send tvo dagar i fyrevegen til den norske delegasjonen i Genève - det var den gongen berre stortingspresident Hambro som var der - den instruksen som var gjeven etter utanriksministtermøtet her i Oslo. Nemnda hugsar at den instruksen gjekk ut på at hr. Hambro skulde freista høyra seg fyre i Genève korleis dei der vilde taka mot eit framlegg som gjekk ut på i konklusjonen å mana Sovjet-Samveldet til å draga herfolka sine tilbake og gå over til nye fredlege forhandlingar med Finnland. I dette møtet um laurdagen var då nemnda samrøystes um at det var dette som måtte stå i fyrste rekkje for den norske delegasjonen å få fram, ei oppmoding til Sovjet-Samveldet i den leia. Det sende eg telegram um straks same kvelden til president Hambro. Eg telegraferte at utanriksnemnda og Regjeringa samrøystes heldt fast på grunntanken i den instruksen som eg hadde gjeve tvo dagar i fyrevegen, at vi meinte, plent som dei norske statsmaktene hadde meint fyrr, no i dei siste åra i det minste, at det ikkje kunde vera noko ynske um å nytta Folkesambandet som ein reidskap for noko slag tvangs- eller straffepolitikk. Samstundes fekk hr. Hambro melding um at ein ny delegert, den fyrre ministeren Urbye, vilde koma dit ned. Han hadde dryft spursmåla med meg personleg, han hadde høyrte på slutten i det minste av ordskiftet her i nemnda, so han kunde betre gjeva greie for det standpunktet som Regjeringa og utanriksnemnda stod på. Eg skal nemna med det same at eg fekk takk frå hr. Hambro for di hr. Urbye på den måten kunde koma dit ned og vera i lag med han der.

Dagen etter melde det seg eit nytt spursmål i denne samanhengen, som galdt stortingspresident Hambro personleg. Det var dryftingar i Genève um kven som skulde vera president for den forsamlinga som no møtte. Frå fyrsten hadde sekretæren i Folkesambandet kalla inn møtet soleis at det

skulde vera framhald frå den forsamlinga som var i fjor. Forsamlinga i fjor vart ikkje oppløyst men berre avdrygt, soleis at denne forsamlinga frå i fjor, rettleig set eller formelt set, framleies var til, og då var det presidenten for denne forsamlinga - den irske statsministeren de Valera - som skulde presidere i den forsamlinga som no møtte på nytt den 11. desember i år. Men det synte seg at generalsekretæren hadde skift meining um det reint formelle i denne saka, og hadde kome til det at den forsamlinga som no møtte, måtte vera ei ny forsamling - den 20de forsamlinga, når det i fjor var den 19de - og då måtte det nytt presidentval til. De Valera vilde ikkje koma - og eg kann skyta inn her med det same at det kom i det heile ikkje nokon utanriksminister frå noko framandt land til dette møtet i Genève - og då måtte ein soleis til å velja ny president. Det var stor dryfting um det i Genève. Det var ikkje lett å finna ein som både høvde og var viljug til å taka på seg umbodet, og til slutt hadde det samla seg eit ynske um at hr. Hambro skulde bli president. Då eg fekk melding um det um sundagen, telegraferte eg tilbake at det burde hr. Hambro ikkje taka mot, vi ynskte ikkje at han skulde vera president. Måndag morgon styrkte eg dette telegrammet etter eit samråd med statsministeren med at han plent måtte segja nei; men straks etter eg hadde tala med statsministeren, fekk eg ein samtale i telefonen med hr. Hambro - det var han som ringde upp til meg - og der fortalde han at det no hadde kome soleis i Genève at det ikkje lenger vilde bli tale um at forsamlinga skulde gjera noko vedtak um å ekskludera Sovjet-Samveldet, den tanken var oppgjeven, og i staden vilde det bli samling um den tanken, som vi her i Noreg og dei andre nordiske landa hadde halde på, at ein berre skulde oppmoda Russland til å gjera slutt på krigen og gå inn i fredlege dryftingar. Hr. Hambro hadde på fyrehand, da generalsekretæren tala med han um å taka mot val, sagt at han ikkje kunde presidere i forsamlinga um det der skulde bli tale um eit eksklusjonsvedtak, soleis at eksklusjon skulde bli vedteken under norsk forsete. Eg nemner dette serskilt, so eg dermed kann få streka under kor heilt lojalt hr. Hambro har stade i dette spursmålet i tilhøvet til den norske regjeringa og dei norske statsmaktene. Men han opplyste då no at dette eksklusjonsframlegget vilde koma til å vika for tanken um ei forhandlingsoppmoding, og då sa eg at det norske forbodet mot at han skulde taka mot presidentvalet, kunde vi ikkje då lenger halda uppe. Det sa eg i telefonen; men då eg so etterpå - får eg lov å segja at eg var kanskje ikkje snartenkt nok - tenkte meir på saka, kom eg til at det var ikkje so visst at ikkje eksklusjonsframlegget vilde koma upp likevel etterpå, etter dette med forhandlingstilbodet, og so sende eg eit nytt telegram til hr. Hambro um at han likevel skulde lata vera å take mot presidentvalet. På ein eller annan måte som eg ikkje no har greie på, vart det telegrammet seinka på vegen - det går diverre altfor ofte so i desse

tidene - og det kom ikkje fram fyre langt ut på ettermiddagen, klokka 6 um ettermiddagen. Forsamlinga hadde halde møte straks fyre middag, og hr. Hambro hadde soleis ikkje fått dette pålegget, og han hadde då teke mot valet til president. Det var då for so vidt heilt i samsvar med det eg hadde sagt til han munnleg i telefonen, so det er ingen ting å segja på at hr. Hambro tok mot dette valet. Fyresetningane hans for det innanfor forsamlinga var klåre og greie nok og, som eg har sagt, i fullt samsvar med det som vi her heime meinte.

Forsamlinga møttest so den 11. desember, um måndagen, og etter valet på hr. Hambro til president vart det dessutan valt ei serskild nemnd som skulde dryfta Finnlandsspursmålet. På telegrafisk fyrespurnad her heim til meg gav eg mitt samtykke til at Noreg kunde bli representert i den nemnda, etter eg fyrst hadde fått vita at Sverige skulde vera representert der med den fyrre ministeren Undén. Når hr. Urbye kom dit ned måndag kveld, skulde han gå inn i nemnda. Men so hende det denne måndagen ein ting som i det minste eg for min part ikkje hadde rekna med, og som eg trur måtte vera i motsetning til det som hr. Hambro òg hadde rekna med. Nemnda heldt møte straks tidleg på ettermiddagen, og i denne nemnda tok so den svenske representanten Undén upp framlegg um at ein skulde venda seg til Sovjetsamveldet med oppmoding um fredlege forhandlingar. I kva form Undén har gjort dette, veit eg ikkje, men i alle tilfelle vart det vedteke på den måten at sjølve denne nemnda - ei nemnd på 13 medlemmer - skulde senda denne oppmodinga um forhandlingar til Sovjetsamveldet, og etter framlegg frå den britiske medlemen som møtte der, vart det lagt attåt at Russland - og Finland òg for so vidt; men i hovudsaka var det Russland det galdt - måtte svara innan 24 timar. Dermed var heile fyresetninga for det norske standpunktet teken burt. Vi hadde tenkt oss at oppmodinga til Sovjetsamveldet um forhandlingar skulde vera sluttsteinen på forhandlingane i Folkesambandet, og soleis at nemnda skulde gjera dette som ei tilråding til Folkesambandet. I staden har nemnda gjort det sjølv, og dessutan fått sett inn der, etter eit benkeframlegg, denne fristen, soleis at når, som ein måtte vita, sovjetregjeringa svara nei, vilde ein då måtta stå framfyre spursmålet um eksklusjon eller andre straffe- eller tvangstiltak i denne striden.

Nemnda hugsar at eg hadde tenkt på at noko slikt kunde bli mogleg, og difor åtvare eg imot at ein skulde binda desse tvo ting, fredlege forhandlingar og eksklusjonsspursmålet, i hop. No hadde situasjonen sjølv kome til å binda dei i hop, og på ein enda verre måte enn eg hadde tenkt meg skulde bli mogleg. Eg har ikkje kunna få noka forklåring på, korleis det har seg med dette framlegget frå Undén, og kva form han gav det. Då eg same dagen dette var gjort, tala med den svenske utanriksminister, hadde ikkje han heller fått noka forklåring på det. Det var i kringkastinga måndag kveld at eg høyrde kva som hadde vorte resultatet i nemnda, og tysdag

morgon sende eg difor eit telegram til den norske delegasjonen i Genève, eit rett langt telegram, der eg presiserte standpunktet vårt. Eg telegraferte at det hadde kome heilt uventande på meg dette vedtaket som var gjort, og at eg hadde sterke tvilsmål med korleis det no kunde koma til å gå etter den forma som var vald, og etter den fristen som var sett. Eg sa at dette ikkje var i samsvar med fyresetningane hjå den norske, danske og svenske regjeringa, og at det dermed vilde bli vanskeleg å nå fram til ein konklusjon som ikkje sikta på anten sanksjonar eller eksklusjon. Eg bad då - eg vilde gjera dette til trygd for framtida - eg bad um at delegasjonen heretter ikkje i noka form måtte gå med på noko framlegg, fyrr han hadde sendt framlegget hit heim til meg, og eg sa dessutan at han måtte freista finna ein veg utanum eksklusjon. Dette har no den norske og dei andre nordiske delegasjonane for so vidt arbeidt med, og dei har funne ei form soleis at ikkje forsamlinga beinveges skulde gjera vedtak um eksklusjon.

Eg hadde um desse spursmåla telefonsamtalar med den danske og den svenske utanriksministeren, fleire samtalar um dagen kvar einaste dag i desse tider; det har hendt at eg har sete i mange timar berre i telefonen med samtalar um desse spursmåla. Eg hadde ein gong ein samtale med Hambro i Genève, men den samtalen vart øydelagt i telefonen, det var ikkje råd å skyna det som vart sagt der. Men eg sende då i alle tilfelle Hambro eit utførleg telegram um korleis ein burde stå, at vi ikkje kunde vera med på å røysta for eit vedtak um eksklusjon, og at i tilfelle noko slikt kom fram, måtte vi lata vera å røysta. Derimot sa eg at vi kunde røysta for ei oppmoding um å skipa til materiell, d.v.s. civil og humanitær, hjelp til Finnland. Det måtte vi sjølv sagt vera viljuge til å vera med på. Derimot vilde vi ikkje vera med på at det skulde bli sett upp ei serskild internasjonal nemnd som skulde organisera dette arbeidet, soleis at dermed Folkesambandet sjølv på ein måte gjekk inn i striden her, i konflikten millom Finnland og Russland.

I går ettermiddag fekk eg so melding um den resolusjonen som dei då heldt på å arbeide med. Eg fekk fyrst frå den danske utanriksministeren berre eit laust umriss, sidan på kvelden fekk eg heile forma på resolusjonen, ein resolusjon som var sett upp i tvo partar, vedteken soleis i spesialnemnda etter britisk framlegg. Den fyrste parten var den som hadde til konklusjon ei oppmoding um å gjeva humanitær og anna slik hjelp til Finnland, den andre parten var den som slutta med at Sovjetsamveldet sjølv med framferda si hadde sett seg utanfor pakta, utanfor det som batt Folkesambandet i hop, og at Forsamlinga difor måtte be Rådet um å taka avgjerd i dette spursmålet. Dette siste heng i hop med den ting at den namngjetne artikkel 16, den um sanksjonar, sluttar med ei forskrift um at den medlemstat som gjer noko i strid med pakta, kann bli ekskludert, og den eksklusjonen skal bli vedteken av Rådet, so for so vidt var

det ikkje Forsamlinga formelt som skulde avgjera eksklusjonen. Men dette at Forsamlinga likevel gav Rådet ei tilvising um å nytta eksklusjonstanken, det var då etter mi meining nok til å visa at Forsamlinga dermed uttala seg for eksklusjon, og dette vilde vera i strid med dei tankane som eg for min part hadde gjort meg um det som skulde gå for seg i Genève. Ein vilde just nytta artikkel 16, sanksjonsartikkelen, den som vi i dei siste åra har prøvt å slå fast ikkje no kann bli nytta. Dette siste fekk eg på det reine at både den danske og den svenske regjeringa var einige med meg um, gjennom telefonsamtalar gong på gong med den danske og den svenske utanriksministeren, og eg sende då til aller sist i går kveld eit telegram til den norske delegasjonen i Genève um at vi ikkje kunde røysta for denne andre parten i resolusjonen, men måtte halda fast på det standpunktet som stod i den fyrre instruksjonen. Dette måtte eg serskilt gjera for di eg hadde fått melding um at det var tanken å lata røystinga um resolusjonen gå for seg på den måten at det ikkje skulde vera namnupprop, det skulde berre bli sagt at dei som røystar mot resolusjonen reiser seg. Dermed vilde det ikkje bli høve til å segja frå um at ein ikkje vilde gjeva røysta si. Slik ein røystingmåte måtte vi då vera imot. Eg hadde gjeve instruks til delegasjonen um den forma som han skulde nytta når han sa frå um dette at vi ikkje vilde vera med å røysta over resolusjonen. Han skulde segja at vi meinte at Folkesambandet ikkje no var brukande til straffe- og tvangstiltak etter artikkel 16, og at dessutan slikt eit vedtak som dette ikkje vilde vera til minste gagn for Finnland. Det var soleis både eit prinsipielt og eit praktisk grunnlag for standpunktet vårt. No har vi i dag gjennom Telegrambyrået fått melding um røystinga i Genève. Vi har der set at 9 statar har halde seg frå å røysta, 42 statar har røysta for denne tilvisinga til Rådet um å ekskludera Sovjetsamveldet, og venteleg har då Rådet straks i ettermiddag gjort det. Um alt er gjort just i dei formene som eg hadde gjeve instruks um, kann eg ikkje vita, for eg har set noko som kunde tyda på at dei tri nordiske delegasjonane kanskje har vorte samde um at berre ein av dei skulde stå fram og segja dette på vegner av dei alle. Det veit eg då endå ikkje visst, eg har ikkje fått serskild melding um dette. Men i alle tilfelle er det so at alle dei tri nordiske statane som det her er tale um, Danmark, Noreg og Sverige, og 6 andre statar - millom dei veit eg at Sveits er med - ikkje har vilja gjeva si røyst i spursmålet.

Når eg segjer at det er visst at Rådet anten har vedteke eller kjem til å gjera vedtak um å ekskludera Sovjetsamveldet, byggjer eg det på den samansetninga som Rådet i denne stunda har. Det er valt nye medlemer av Rådet i staden for dei som gjekk ut. Dei som normalt skulde gå ut, var Sverige og ein av dei sør-amerikanske statane, det er vel Argentina. Dessutan skulde ekstraordinært gå ut Latvia og Kina som har serskilte plassar som det ikkje trengst vera

attval for. I staden for Sverige skulde frå fyrsten Nederland ha gått inn, men Nederland bad seg fri med den grunnngjevinga at Belgia no sit der. So kom turen til Finnland, og det er eit val som vi har studt frå norsk side, at no skulde Finnland bli vald inn. I staden for Argentina er Bolivia innvald. Eg torer gå ut frå at alle dei statane som sit i rådet, høyrer med til dei som røysta for eksklusjon, soleis at det venteleg er samrøystes vedtak i det nye rådet.

Soleis er det då at denne saka har gått for seg. Ikkje all ting har gått etter ynske, men i alle tilfelle har Noreg i hop med Danmark og Sverige kunna halda fast på det standpunktet som vi har stått på fyrr når det galdt artikkel 16, etter det nederlag som Folkesambandet hadde i Etiopia-striden i dette spursmålet, - det standpunktet at den artikkelen ikkje skal bli nytta, at ein må rekna med at han ikkje gjeld lenger. Vi har alle, trur eg, havt ei sterk kjensle av at mange andre statar, som ikkje var so langt framme i skotlina som serskilt Noreg og Sverige er, gjerne har vilja skuva oss fram, soleis at vi skulde koma til å taka støyten for det resultatet som dei andre av reint ålmenne og prinsipielle grunnar kunde ynskja. Det er vel heilt naturleg, trur eg, at vi ikkje vilde lata oss nytta på den måten. Vi har serskilt set at britiske blad heilt kynisk har sagt at Storbritannia ikkje kann tenkja på å gå i nokon krig med Sovjetsamveldet, men Noreg og Sverige kunde godt gjera det. Eg vil ikkje tru at denne kyniske tanken har vore den som har avgjort politikken i Genève. Etter alt eg kann skyna, har den britiske ombodsmannen der, understatssekretær Butler, havt god forståing for det nordiske standpunktet og har freista ut frå sitt syn koma oss i møte, men har då soleis ikkje kunna gå lenger enn det som viser seg i den resolusjonen som er vedteken.

Dette var då det som eg vilde forklåra um heile tilgangen med dryftingane i Genève. Eg trur at eg i det minste har fått med alle hovudpunkta, og soleis at nemnda greitt kan sjå korleis spursmålet har vore dryft her heime og i Genève.

Det var ei anna sak som dessutan var framme i det siste møtet, som vi i tankane våre i det minste, og mykje i dryftingane òg, batt i hop med dette spursmålet; det var den meldinga som vi hadde fått frå Berlin, um at den tyske og den russiske regjeringa hadde dryft seg imillom spursmålet um landekrav for Russland i Nord-Noreg, og at den tyske regjeringa då skulde ha lova å halda seg passiv til ein russisk framstøyt der. Nemnda hugsar at eg fortalde at eg hadde beint fram nemnt dette for den tyske chargé d'affaires her i Oslo - sendemannen var just på ein tur til Berlin. Eg nemnde dette for han, og sa at eg meinte at den tyske regjeringa burde vita um kva soleis var fortalt og med påstand um at dette hadde god grunn for seg. Den tyske sendemannen kom tilbake frå Berlin ein av dei fyrste dagane i

denne vika - eg må vedgå at eg hugsar ikkje i denne stunda anten det var måndag morgon eller tysdag morgon - og han var då hjå meg straks etterpå og kom med svar frå den tyske regjeringa på dette som eg hadde sagt til den tyske chargé d'affaires. Han sa, at han kunde avsanna fullt ut frå den tyske regjeringa at slikt eit spursmål um Nord-Noreg hadde vore dryft millom Tyskland og Russland. Det fanst ikkje det minste grunnlag for gjetordet eller påstandet um dette. Han sa dessutan at den tyske regjeringa meinte, at den russiske regjeringa ikkje hadde nokre slike planar mot Nord-Noreg. For si eiga rekning la han attåt, at han ikkje trudde at Tyskland vilde kunna halda seg passiv um den russiske regjeringa skulde koma med slike krav eller slik framstøyt mot Noreg. Han meinte at den tyske regjeringa så måtte koma til å taka standpunkt mot Russland og hjelpa Noreg. Eg sa at um so den tyske regjeringa ynskte dette, so var vel ikkje Tyskland nett no i det høvet at det kunde hjelpa Noreg. Då svara han med å minna um, at det i denne stunda ikkje hadde mobilisert heile den tyske heren, det var ikkje ålmenn mobilisering der, dei nytta berre ein part av herstyrken sin på vestfronten, hadde jamvel drege tilbake derifrå sumt av det herfolket dei hadde der fyrr, for di dei greidde seg bra med dei som no låg der, og difor vilde Tyskland godt kunna i det minste, sa han, øva eit press på den andre fronten, mot aust, mot Russland, um det skulde vera mogleg på den måten å hjelpa Noreg. Alt dette siste sa han då, som eg segjer, for eiga rekning, det var ikkje etter instruks frå den tyske regjeringa.

Kva den tyske regjeringa kann vita um russiske planar mot Noreg, det er sjølv sagt ikkje so heilt visst. Eg går ut frå for min part, at den russiske regjeringa i alle tilfelle ikkje vilde fortelja noko um dette på fyrehand, men eg trur ein kann festa lit til dette at det spursmålet ikkje har vore dryft millom den tyske og den russiske regjeringa. Eg vil tru at det var sant det som den tyske sendemannen sa um dette.

Formannen: Jeg takker utenriksministeren for redegjørelsen.

Joh. Ludw. Mowinckel: Det var meget interessant å høre meddelelsen fra Genf. Personlig må jeg si at jeg ikke var så overrasket og heller ikke så skuffet, når det efter svaret fra Sovjet spisset sig til mot en eksklusjon. Jeg var meget tilfreds over den fremgangsmåte som blev anvendt, at man nærmet sig Sovjet uten antydning hverken av kritik, trusel om eksklusjon eller noen annen mishagsuttalelse, førenn man hadde fått rede på om Sovjet og Finnland var villige til forhandling. Men efter det avvisende svar fra Sovjet og på bakgrunn av Sovjets oprinnelige svar til Folkeforbundet, synes jeg det var nokså rimelig at Forbundet måtte reagere så sterkt som det kunde. Jeg vil si, at det vilde ikke blitt meget tilbake av nogen som helst aktelse for Folkeforbundet,

hvis det ikke hadde reagert sterkt, efter at nu det forsøk fra Forbundets side, som gav uttrykk for så megen tålmodig overbærenhet i det rolige spørsmål, om det vilde opta forhandlinger, var avvist. Derfor var ikke jeg forbauset, og jeg gleder mig over, at man ikke har gått lenger på de nordiske staters vegne enn at man har undlatt å stemme, slik at avgjørelsen gav et uttrykk for Folkeforbundets standpunkt som iallfall viser et visst tegn på *disiplin og samhold*, en disiplin og et samhold som forhåpentlig kan bli av *ganske stor betydning for fremtiden*.

Med hensyn til Berlin-historien var det jo en gledelig etterretning utenriksministeren kom med. Men det kunde være interessant å høre på hvad grunnlag den norske legasjon sender et så foruroligende telegram som dette, som skaket oss i den grad op. Jeg gav uttrykk for min skepsis sist øg. Det er ikke bra hvis våre legasjoner likefrem farer med sladder. De får jo telegraferer ting som de virkelig har en bakgrunn for; men det er ikke fritt for at jeg har en mistanke om at Berlin-legasjonen har temmelig lange ører for hvad der sies rundt omkring på alle kanter. Det er altfor alvorlige tider og altfor alvorlige forhold til at ikke det de sender op til den norske regjering, skal være særdeles vel begrunnet. Nu vil det naturligvis av det som nu er skjedd, kunne drages øieblikkelig tilfredsstillende slutninger; men billedet skifter hurtig, og det vil naturligvis kunne inntre forhold hvorunder de velvillige uttalelser fra Tysklands side ikke lenger står ved makt. Vi har jo i de siste dager sett utviklingen i Sverige til en samlingsregjering, og at den aktive, dyktige og ansette *politiske* utenriksminister er blitt utskiftet med en upolitisk fagminister. At dette har sin betydning for Sveriges utenrikspolitikk, sier sig selv. Utenrikspolitikken er altså tatt bort fra den politiske ledelse, eller den politiske ledelse er flyttet bort fra utenriksministeren til annet hold innen regjeringen, uten at vi idag kan se hvor det bærer hen. Man må jo av alt hvad man leser og ser, forstå at det har vært en veldig strømning i Sverige for å komme Finnland militært til hjelp, og skulde ikke det som kanskje mere enn noe annet har holdt Sverige tilbake, være nettop den omstendighet at Sverige iallfall ikke føler sig trygg på at Tyskland vil støtte skandinaviske interesser på den måte som den tyske minister her i byen har sagt? For var Sverige ganske trygg på det, så vilde vel kanskje Sverige ha sett litt anderledes på at Finnland dag for dag forblør sig, og at den dag ikke kan være fjern da Finnland er omtrent ødelagt, - så der tror jeg nettop at forholdet til Tyskland spiller meget sterkt inn. Jeg blev litt forbauset idag da jeg så en meget aktet tidligere minister gå i bresjen for at vi skulde rykke frem, riktignok i tilslutning til Sverige. Ministeren sluttet med å citere Bjørnsons berømte vers til Sverige i 1864 om at Sverige skulde gå i spissen, for det var kjent på plassen. Det passer jo utmerket rent geografisk i dette tilfelle øg, men

jeg tror nok ministeren burde ha erindret hvorledes det gikk i 1864, og hvor bra det var at man ikke fulgte hverken den ene eller den annen dikters opmuntring, men regnet nøkternt og rolig og ikke følelsesbetont i situasjonen; for nu vet alle som kjenner til 1864's historie, at hvis Norden hadde gått med, hvis dikterne hadde fått sin vilje, som visselig følelsesmessig deltes av uhyre mange mennesker i Norden - den gang var det jo Danmark som forblødde - hvis man hadde fulgt den følelsesbetonte politikk, hadde Russland støttet Tyskland. Nu er det Finland som forblør, og våre følelser slår vel omtrent like sterkt mot Finland nu som de slo mot Danmark i 1864; men atter igjen er det det samme regnestykke som nøkterne mennesker i Sverige og Norge er nødt til å gjøre op med sig selv: vil ikke nu Russland og Tyskland gå sammen i tilfelle av at Sverige kommer Finland til hjelp? Jeg beklager forsåvidt disse stemningsutbrudd til fordel for militær inngripen for Finland. Jeg beklager dem fordi de bringer en stemning her i landet som er meget naturlig, men som ikke er sund, - ja sund kan man si den er, men iallfall ikke politisk klok - og som kan vanskeliggjøre Regjeringens arbeide. Dette gjelder naturligvis i enda høiere grad Sverige enn det gjelder oss. Det kunde være ganske interessant i denne forbindelse å høre om utenriksministeren kunde fortelle oss litt om stemningen og stillingen og utsiktene i Sverige.

Vi har jo en annen stormakt som det kan regnes med eller - om det ikke kan regnes med den - som man iallfall kan tenke på i denne forbindelse, og det er Storbritannia. Men Storbritannia ligger slik til at det ikke på samme måte kan hjelpe. Tyskland kan øieblikkelig og hurtig gjøre meget stor skade, det makter det godt; men Storbritannia kan vanskelig yde en hjelp som for Sveriges vedkommende motbalanserer den skade Tyskland kan gjøre. Men allikevel er det, ikke minst når det gjelder Norge, av den største interesse å høre om utenriksministeren kan si litt om Storbritannias stilling. Jeg har den følelse ved å lese engelske aviser, at det er en voksende forståelse i Storbritannia av at kampen om Finland kan komme til å gjelde Storbritannias interesser i fremtredende grad, og det er jo godt for hele Norden naturligvis at Storbritannias forståelse for dette vokser. Men også her vilde det være bra om utenriksministeren kanskje kunde si noget, om han har hørt noget fra London i denne forbindelse som det kan bygges noget på, eller om han ved konferanse med britiske folk her har hørt noget.

Så var det litt om handelspolitikken. Den talte vi ikke stort om sist da vi hadde møte, men det vilde være av interesse å høre hvorledes det går med de handelspolitiske forhandlinger. I krigsforsikringen for skib har vi nu drøftet med en engelsk utsending spørsmålet om en reassuransekontrakt for vår flåte. Den reassuransekontrakt bygges på rent forretningsmessige prinsipper, og engelskmannen viste stor forståelse herfor. Det vil si at Krigsforsikringen ikke skal vedbli alene å stå risikoen for

hele vår store flåte under stigende fare, men at en del av flåten skal reassurere. Men reassuransekontrakten henger i virkeligheten nokså meget sammen med tonnagearrangementet, og vi sa derfor til den engelske forhandler, - som nu er reist tilbake til London for nærmere å drøfte det utkast som vi blev enige om og som i det store og hele må sies å være tilfredsstillende for Norge - at vi ikke kunde nevne nogen som helst dag for ikraftsettelsen av en slik reassuransekontrakt, som jo interesserer England meget på grunn av at det er de engelske redere som skal bære premien for vår krigsforsikring, forinnen vi fra Regjeringen hadde fått litt nærmere rede på hvorledes det gikk med handelsforhandlingene, idet vi hadde forstått både av tonnagearrangementet og av stillingen i det hele tatt at reassuransekontrakten og tonnagearrangementet henger nokså nøie sammen. Dette forstod han godt. Men nettopp derfor er det av interesse å få høre litt om hvordan det går med disse handelspolitiske forhandlingene.

Jeg håper også at disse handelspolitiske forhandlinger kommer til å føre til et resultat som letter litt den plage vi har ved opbringelsen av våre skib. Nu, det går på en måte kanskje litt hurtigere nu; men så er man utsatt for sådanne sjikanerier som dette, som utenriksministeren kjenner til, at et av Amerika-linjens skib på grunn av seks små varepartier som var betryggende ordnet i alle henseende, og som den norske regjering hadde gitt garanti for, blir kommandert inn til utlossing i en britisk havn. Jeg kan ikke forstå annet enn at det her har tilspisset sig en prestigestrid mellem den norske og den engelske regjering som ikke hele spørsmålet synes å være verdt. Jeg forstår - det har jeg også sagt tidligere - at Utenriksdepartementet på det nuværende tidspunkt mente å måtte fastholde kravet om at dets garanti måtte være fullt tilstrekkelig, slik at England ikke skulde stille særkrav med hensyn til disse små varepartier om at de måtte sendes tilbake. Men i lengden vil vel neppe det standpunkt kunne oprettholdes. Hvis man ikke gjennom denne traktaten når frem til en tilfredsstillende ordning på det grunnlag, kan det ikke fortsette på den måte, for da risikerer vi altfor meget. Og makten ligger i dette tilfelle hos England, det har vi sett med dette skibet det gjelder, hvor England på grunn av disse småpartiene kommanderer det inn til utlossing med alle de utgifter som er forbundet med det, og med den store risiko for minesprenging og ulykke som er forbundet med at et skib fra Kirkwall bringes ned på Storbritannias østkyst - det var Dundee. Idag er det merkelige hendt - det viser at der er en lyst til å demonstrere - at vi i middags har fått vite at da skibet hadde losset, hadde hatt alt bryderiet og strevet og omkostningene med det, så blev det ganske rolig lastet igjen med disse små partiene og hele sulamitten og det blev sagt: Nu kan dere gå til Norge. Man skulde ikke tro det var voksne menneskers ferd. Og man kan bli nokså forarget over dette.

Jeg kan forstå at det ikke alltid må være behagelig for Utenriksdepartementet å ha med den slags forhandlinger å gjøre.

Statsråd Koht: Hr. Mowinckel nytta rett sterke ord um den norske legasjonen i Berlin og um den meldinga som den hadde sendt um dei russisk-tyske avtalane um Nord-Noreg. Vi har endå ikkje fått skriftleg melding frå legasjonen um spursmålet, det går seint med slikt i desse tidene, for vi må nytta kurér, og det kjem skriftleg melding derifrå berre ein gong i vika, so eg har endå ingen ting høyrte, og det er vel for tidleg då no å segja noko um kor lite eller kor stort grunnlag legasjonen kunde ha for den telegrafiske meldinga som kom i fyrre vika.

Hr. Mowinckel tala um den svenske politikken i tilhøvet til Finnland-Russland og det regjeringsskifte som har gått for seg i Sverige. Etter dei opplysningane som Sandler no idag har gjeve til den svenske pressa, ligg det heilt klårt i dagen, det er klårt sagt frå hans side, kva det var som usemja i den svenske regjeringa stod um. Sandler hadde ynskt, som han sjølv segjer, at svensk hermaht skulde bli nytta til å tryggja Aaland. Det vil segja, han meinte at svenske herfolk skulde bli sende over til Aaland til å verja nøytraliteten for desse øyane. I den svenske regjeringa elles rådde den tanken at um Sverige på denne måten sende herfolk over på finsk grunn, so vilde det vera um lag den visse vegen inn i krig med Russland. Og eg må for min part segja at eg trur i det minste fåren var so stor at det vilde ha vore eit svært djervt steg frå svensk side, dette. Det vilde etter mitt skyn ha stått i strid med den nøytralitetstanken som Sverige elles har forkynt at det vil fylgja. So på det grunnlaget trur eg nok at vi her i vårt land, vi som ynskjer at Noreg òg skal vera nøytralt, kann vera glade for at Sverige ikkje øydela, ikkje spillte nøytraliteten sin. For um Sverige skulde koma med inn i krigen, vart det endå vandare for oss enn det er i denne stunda.

Når den svenske regjeringa og alle svenske parti held på nøytralitetstanken, so trur eg for min part ikkje at hovudgrunnen er den at dei er redde for at Tyskland skal koma til å gripa inn til hjelp for Russland. Eg trur nok at dei i Sverige tenkjer at berre sjølve den ting å vera i krig med slik ei stormaht som Russland vilde vera ein vågeleg, ein fårleg ting for Sverige; for um ein kanskje ikkje vil verdsetja den russiske hermakta so høgt som Sovjet sjølv gjer det, må det vera klårt at mot slik ei stormaht med so veldige styrkar som no kann setja inn, vilde det på lengda bli eit hardt nappetak for Sverige å koma i krig, um det so berre hadde Russland mot seg. Det får vi da vera klåre over, og det er dei klåre over i Sverige òg. Um Tyskland vilde ha kome inn - ja, sjå det veit sjølv sagt ingen av oss.

Men eg må få lov reint historisk å retta på det som hr. Mowinckel sa, at det var klårt i 1864 at Russland vilde ha

gått med Tyskland mot dei skandinaviske landa um Noreg og Sverige den gongen hadde vilja hjelpa Danmark militært. Det er eit påstand som har vore sett fram, og det har vore lagt fram dokument for det; men eg får kanskje lov å segja at eg sjølv har prova at desse dokument var falske, var laga dokument. Ein veit ikkje kven det er som har laga dei; men det ser ut, etter alle vitnemål, som det har vore polske emigrantar; emigrantpolitikken veit vi er ikkje alltid so nøgje med hjelperådene. Det har no, etter alle dokument som sidan har kome fram - det er 30 år sidan eg gav dette provet -, vist seg at provføringa mi har vore rett. Eg trur det er godkjent av alle som har granska desse spursmåla sidan.

Vi i vårt land kann ikkje halda uppe annan politikk enn ein nøytralitetspolitikk, det trur eg må vera klårt for alle som vil tenkja roleg og nykternt over desse spursmåla, og eg må segja at eg vart, likesom hr. Mowinckel, undren over at ein norsk politiskar som har vore so mykje med i utanrikspolitikken som Benjamin Vogt, har kunna lata seg riva med til eit anna standpunkt. Kva Storbritannia vil gjera i den finsk-russiske striden, har vi ingen visse for. Eller rettare sagt: Vi veit ikkje visst kor langt Storbritannia vil gå. Det er rett tydeleg sagt frå at Storbritannia vil på alle moglege måtar i det minste freista på å halda seg utanfor krig med Russland. Men samstundes vil Storbritannia gjerne - det har vi fått fråsegner frå Storbritannia um - hjelpa Finnland med alt det materiell som det kann bli spursmål um. Vi har fått fyrespurnad um transitt for slike tilførslor til Finnland, so vi veit at den britiske regjeringa ynskjer å gjeva hjelp på den måten; men kor langt dei vil gå her, det veit vi endå ingen ting visst um, det kann vel koma til å få samanheng med korleis tilhøvet blir millom Sovjet og Tyskland på den eine sida og Storbritannia og Frankrike på den andre sida. Men vår politikk kann vel ikkje lata seg styra av desse tilhøva. Vi må, anten Storbritannia gjer det eine eller det andre, i det minste freista på å halda uppe vår nøytralitet. No er krigen heilt inn på den norske grensa der lengst nord ved Pasvikelva; men det ser ut som krigen ikkje dermed blir ført inn over grensa, so den fåren som vi kunde ha der, ser det ut som minkar. Men det er likso klårt at der må vi vera på post, freista på å halda krigen utanfor vårt landumråde.

Hr. Mowinckel nemnde handelspolitiske spursmål, nemnde tilhøvet vårt til England. Dei forhandlingane som vi fører med England, kom i gang burte i London på nytt no siste måndag, og kva dei so har dryft, og kor langt dei har kome i desse dagane, har eg inga melding um; men måndag kom forhandlingane i gang. Vi har i denne tida, fyrr vi har fått nokon avtale med England, på mange måtar set ting som er til meins for skipsfarta og handelen vår, og eg trur ikkje det kann vera tvil um at det ofte på britisk side er - skal vi segja ein byråkratisk måte å gå fram på, som kann vera i strid med sjølve dei tankane som rår i utanriksstyringa i

London. Det er vel i Storbritannia soleis som det er i so mange andre land, at ein embetsmann har sine ordrar, og at han ofte fylgjer desse ordrane so bokstaveleg som han kann, og ikkje alltid bruker det vitet som han likevel har. Det er slikt som vi kann koma til å lida for. Det kann henda at det kann vera lite grand av dette at dei vil plaga oss litt, so vi kann bli mjukare til den avtalen dei vil ha, det kann liggja slik politikk bak òg, endå eg synest ikkje det vilde likna engelskmennene og den måten dei elles nyttar i forhandlingar. Eg trur, som sagt, at det helst er dei lokale embetsfolka som misbruker lite grand den serlege makta dei har. No vil eg òg nemna at i England sjølve regjeringa nyttar denne lokale embetsstyringa på ein noko merkeleg måte. Dei har til den protesten vår mot at dei ransakar norsk post på norske skip, m.a. nemnt som ein grunn for dette, at når eit framandt skip, eit norsk skip, kjem inn i britisk hamn, kjem dette skipet dermed inn under den kommunale lovgjevinga som der gjeld, soleis at kommunestyringa og embetsmennene i kommunen kann setja seg ut over internasjonale traktatar. Då den britiske sendemannen sa dette til meg, sa eg at eit snodigare argument hadde eg aldri i mitt liv høyrte når det galdt eit internasjonalt spursmål, so eg kunde ikkje taka noko slikt ålvorleg. Men ein ser kva slag ting ein kann koma inn på og koma burt i når ein forhandlar um spursmål av dette slaget.

Sundby: Det var jo interessant å høre utenriksministerens redegjørelse for hvordan det var gått til nede i Genève, og det er vel ikke så rart at det er gått som det er gått. Hvis det kunde resultere i at Folkeforbundet eller de tilsluttede stormakter kunde gjøre noget positivt for å hjelpe Finland, fikk vi iallfall si det var bra. Men blir det bare resolusjoner og vedtak, som stiller oss i en desto vanskeligere stilling - som også utenriksministeren var inne på, så er det jo ikke noget å rope halleluja for. Jeg synes nok det bør sies fra oss som har den opfatning, at også vi fant det mindre heldig at Hambro nu blev president. Utenriksministeren var av den opfatning, såvidt jeg forstod, at det skyldtes forsinkelse av et telegram. Det har jo vært uttalt før fra flere sider at Folkeforbundet nu ansees som et instrument for den ene av de to kjempende parter; selv om vi ser bort fra striden mellem Russland og Finland, er det jo så, og det blir ikke mindre tilfelle efter det som nu er skjedd. Og når det da er vårt ønske og vår vilje å holde oss nøytrale så lenge vi kan klare det, foreløbig iallfall - noget som vel alle er enige i, så er det selvfølgelig ikke noget videre ønskelig for oss, selv om det er ærefullt også nasjonalt sett, at vi står i spissen for et instrument for den ene leir av de kjempende. Nu, det er det ikke noget å gjøre ved.

Det er vel, som jeg sa, enighet om at vi må søke å holde oss nøytrale. Jeg sa *foreløbig*, for det inntreer jo stadig nye situasjoner, og vi vet ikke hvad vi kan tvinges op i.

Det har jo hendt så ofte før i historien, og det ser ut til å være nærmere enn nogensinne før, at vi kan tvinges ut av nøytraliteten. Jeg skal ikke utbre mig mere over det.

Jeg hadde også lyst til å høre hvordan det forholder sig med disse torpederinger som sies å være skjedd innenfor norsk territorialfarvann, og hvad det kan komme til å utvikle sig til hvis det virkelig kan konstateres at det er skjedd, og hvis det skulde fortsette med den slags ting. Kan da det inntreffe som man har nevnt, at en av de krigførende kan si: Vel, Norge viser sig ikke å kunne forsvare sin nøytralitet, altså må vi ta affære selv?

Med hensyn til et annet spørsmål som utenriksministeren nevnte, så pågår jo nu krigen på det hardeste like ved den norske grense, det står jo i flammer alt deroppe. Har man overveiet og er det tatt klart standpunkt til hvad der vil skje hvis russiske stridskrefter kommer over grenseelven? Selvfølgelig vil vi vel da måtte forsvare vår nøytralitet, og kan vi greie det og internere troppene, så er det all right, men kan vi ikke greie det, hvordan er så stillingen? Er det så meningen at vi er i krig med Russland? Jeg har ikke tenkt igjennem dette; jeg spør om man har tenkt det igjennem, og hvordan man akter å forholde sig.

Med hensyn til spørsmålet Tyskland-Russland og de meddelelser vi fikk sist, så vil slett ikke jeg gi min tilslutning til hr. Mowinckels refselse av vår legasjon i Tyskland; jeg synes vi bør bli underrettet også om rykter - og de hadde jo tatt nokså fast form, de var jo kommet fra flere hold, ikke bare til den norske legasjon, og det de gikk ut på, var jo ikke så fjernt fra hvad vi har kunnet tenke oss nogen hver. Jeg for mitt vedkommende har ikke stor tro til uttalelser, hverken fra den tyske minister eller andre, i den nuværende situasjon. Vi vet jo at skrevne avtaler respekteres ikke, enten de er mellom Hitler og Chamberlain, eller det er om ikke-angrepspakter mellom forskjellige land. Bare en uttalelse av denne art - hvad er den verd? Jeg legger iallfall ingen annen vekt på den enn at det selvfølgelig var hyggelig å høre, men stole på den kan vi ikke. Og med hensyn til Russlands videre hensikter så har vi vel større grunn til å feste oss ved de direkte uttalelser som er gitt av Russlands ledende menn med Stalin i spissen, om at de vil søke enhver anledning til å utbre sin ideologi over det ganske Europa.

Jeg vil også, på grunn av at det hele tilspisser sig mer og mer, gjerne få lov til å rette et annet spørsmål. Jeg kunde ikke være tilstede til møtets slutt forrige gang, jeg hadde en avtale, som jeg nevnte, og det kan hende det da fremkom meddelelser om det jeg vil spørre om. Men det er nokså lenge siden nu at vi hørte forsvarsminister Monsen gjøre rede for hvilke nye forsvarstiltak som var gjort. Jeg sikter ikke til flytningen av våre stridskrefter, men til de bestillinger som er gjort i andre land og i vårt eget land for å styrke vårt forsvar. Det er jo inntruffet en veldig

forandring siden dengang, i og med at konflikten Russland-Finnland er kommet. Er det skjedd noget siden, og hvilken anledning er det nu til å gjøre mere i denne retning?

Statsråd Koht: Eg skal få svara stutt på eit par av dei spursmåla hr. Sundby reiste. Det skulde vera heilt visst etter dei meldingane vi har frå admiralstaben, at den greske båten som vart torpedert på Folla utanfor Namsos, er torpedert innanfor dei norske sjøgrensone.

Formannen: Fire mils eller tre mils?

Statsråd Koht: Båten vart torpedert 2 1/2 nautisk mill ut frå land. Um den engelske båten som no er torpedert utanfor Staden, veit vi endå ikkje noko heilt visst, vi har ikkje fått pålitande meldingar der; men det vil då orlogsfloten skaffa oss, so vidt råd er. Det er klårt at Noreg for sin part må bera fram dei protestane som her må til, og eg meiner òg dei krav på vederlag som er naturlege. Dessutan må det norske tilsynet ut mot havet koma til å bli styrkt, og det er eit spursmål som alt har vore uppe i Regjeringa i dag. Elles går eg ut frå at statsministeren vil gjeva opplysningar um militære spursmål, so dei skal eg ikkje koma inn på.

Spursmålet um fåren for grensekrenkjing nordpå ligg fyre, og sjølv sagt har dei norske militære der nord mått fyrebu seg på at noko kunde henda, at finske eller russiske herfolk kunde koma inn over grensa, og då skal vi, so vidt som råd er, avvepna slike herfolk og internera dei. Skulde det ikkje lukkast å gjera det, ja, då må han vel gjelda, den gamle rettsregelen at ingen har plikt til å gjera meir enn han evnar; men i alle tilfelle må vi gjera det vi evnar for dette fyremålet.

Moseid: Jeg er ikke medlem av den utvidede utenrikskomite og har således intet mandat til å delta i de overlegninger og avgjørelser som treffes her. Jeg skal derfor avstå fra å uttale mig i nogen større utstrekning om de spørsmål som har vært berørt her; men som stortingsmann føler jeg mig forpliktet til på ny å protestere mot at Regjeringen og den utvidede utenrikskomite konsekvent holder Stortinget utenfor drøftelser og avgjørelser av livsviktig betydning for vårt folks fremtid. Efter min mening er det Stortinget, og kun Stortinget, som har folkets bemyndigelse til å handle på dets vegne der hvor det dreier sig om folkets væren eller ikke væren. Regjeringen og den utvidede utenrikskomite har sitt ansvar overfor Stortinget, men Stortinget har sitt direkte ansvar overfor det norske folk. Som bekjent, har der ikke vært nogen saklige hindringer for at Stortinget på et hvilket som helst tidspunkt i høst kunde ha vært tilstede og pleiet råd med Regjeringen og utenrikskomiteen om alle de spørsmål som er av viktighet for vårt forhold både utad og innad. Der er ingen saklige

